



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	955 996 836
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS
Forretningsadresse:	Høydalsmovegen 815 3891 HØYDALSMO

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2024 - 31.12.2024
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Hans Olav Slettebø
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	12.06.2025

### Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 01.07.2025



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<strong>RESULTATREKNESKAP</strong>			
<strong>Inntekter</strong>			
Salsinntekter	1,2	333 531 000	315 565 000
Anna driftsinntekt	3	30 495 000	32 028 000
<strong>Sum inntekter</strong>		<strong>364 026 000</strong>	<strong>347 593 000</strong>
<strong>Kostnader</strong>			
Varekostnad	4	159 538 000	72 151 000
Lønnskostnad	5	10 998 000	9 776 000
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	10,11	14 939 000	15 107 000
Annan driftskostnad	6,7	35 744 000	48 896 000
<strong>Sum kostnader</strong>		<strong>221 219 000</strong>	<strong>145 930 000</strong>
<strong>Driftsresultat</strong>		<strong>142 807 000</strong>	<strong>201 663 000</strong>
<strong>Finansinntekter og finanskostnader</strong>			
Anna renteinntekt	8	12 790 000	9 199 000
Anna finansinntekt	8	112 000	64 000
<strong>Sum finansinntekter</strong>		<strong>12 902 000</strong>	<strong>9 263 000</strong>
Annan rentekostnad	8	10 675 000	7 999 000
Annan finanskostnad	8	37 000	2 000
<strong>Sum finanskostnader</strong>		<strong>10 712 000</strong>	<strong>8 001 000</strong>
<strong>Netto finans</strong>		<strong>2 190 000</strong>	<strong>1 262 000</strong>
<strong>Resultat før skattekostnad</strong>		<strong>144 997 000</strong>	<strong>202 925 000</strong>
Skattekostnad	9	87 299 000	126 699 000
<strong>Årsresultat</strong>		<strong>57 698 000</strong>	<strong>76 226 000</strong>
<strong>Overføringer og disponeringar</strong>			
Ordinært utbytte	17	30 000 000	28 370 000
Avgjevne konsernbidrag	17	13 650 000	12 168 000
Overføring til/frå annan egenkapital	17	14 048 000	35 686 000
<strong>Sum overføringer og disponeringar</strong>		<strong>57 698 000</strong>	<strong>76 224 000</strong>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
---------------------	-------------	-------------	-------------

---



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke og liknande rettar	10	3 519 000	3 538 000
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>3 519 000</b>	<b>3 538 000</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	11	21 535 000	13 819 000
Maskinar og anlegg	11	252 314 000	254 795 000
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	11	1 033 000	891 000
AUU	11	789 000	1 188 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>275 671 000</b>	<b>270 693 000</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	12,13, 14	179 000	179 000
Investeringar i tilknytt selskap	12,13, 14	9 155 000	11 992 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd	12,13, 14	188 620 000	181 214 000
Investeringar i aksjar og partar	12,13, 14	29 000	29 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>197 983 000</b>	<b>193 414 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>477 173 000</b>	<b>467 645 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		2 071 000	2 273 000
<b>Sum varer</b>		<b>2 071 000</b>	<b>2 273 000</b>
<b>Krav</b>			
Kundekrav	22	33 714 000	29 946 000
Andre krav	15,22	46 687 000	46 957 000
<b>Sum krav</b>		<b>80 401 000</b>	<b>76 903 000</b>




### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	16,21	6 999 000	19 760 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>6 999 000</b>	<b>19 760 000</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>89 471 000</b>	<b>98 936 000</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>566 644 000</b>	<b>566 581 000</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	17	156 842 000	143 192 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>156 842 000</b>	<b>143 192 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	17	84 648 000	74 346 000
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>84 648 000</b>	<b>74 346 000</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>241 490 000</b>	<b>217 538 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	9	6 185 000	4 086 000
Pensjonsforpliktelse	18	1 095 000	1 624 000
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>7 280 000</b>	<b>5 710 000</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Langsiktig konserngjeld	19	153 000 000	153 000 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>153 000 000</b>	<b>153 000 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>160 280 000</b>	<b>158 710 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	22	29 693 000	12 107 000
Betalbar skatt	9,20	81 053 000	121 906 000
Skuldige offentlege avgifter	20	7 565 000	4 218 000
Utbytte	17	30 000 000	28 370 000



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Kortsiktig konserngjeld	20	3 857 000	14 889 000
Anna kortsiktig gjeld	20	12 706 000	8 843 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>164 874 000</b>	<b>190 333 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>325 154 000</b>	<b>349 043 000</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>566 644 000</b>	<b>566 581 000</b>



# 2024

Årsmelding

Vest-Telemark Kraftlag AS





## Vest-Telemark Kraftlag AS

Driftsinntekter

**364.0** MNOK

Driftsresultat

**142.8** MNOK

Årsresultat

**57.7** MNOK

Bidrag utbytte

**30** MNOK

Fibernet (stamnett)

**463** KM

Tilsette

**6**



## Styrets årsmelding for 2024

### Historikk og fakta

Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK AS) ble stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord, og i 1948 blei Fyresdal kommune medeigar. VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk ANS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk DA saman med Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK). I 2000 blei Nissedal kommunale elverk fusjonert inn i VTK og Nissedal kommune blei eigar av 5% i selskapet.

Lovendring medførte at VTK AS i 2021 blei omdanna til konsern med mor (Vest-Telemark Kraftlag Holding AS) og 2 døtrar (Vest-Telemark Kraftlag AS og Telemark Nett AS). Nettversemda ble fisjonert ut i eget selskap og konkurranseutsett verksemd (kraftomsetning, kraftproduksjon og fibereigarskap) ble verande igjen i VTK AS. Endringa skjedde med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2021. VTK AS er dermed eit heileigd dotterselskap av Vest- Telemark Kraftlag Holding AS, og er organisert med forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune.

VTK AS driv i dag med produksjon av vasskraft, engrosomsetning, sluttbrukarsal og fiber. Kraftproduksjonen er i hovudsak organisert i egne selskap og VTK har berre 1 tilsett knytt til kraftproduksjon og engrosomsetning. VTK har eige kundesenter for sluttbrukarsalg med 2 tilsette og 11300 kundar. Kommersiell fiberaktivitet tok til i 2003 og frå 2006 har fiberen vore leigd ut til Telefiber AS, som VTK i dag eig 60% av. VTK har 2 tilsette innom fiber. VTK kjøper administrasjons- og økonomitenester frå morselskapet og fibertenester frå Telemark Nett AS og eksterne fiberentreprenørar.

### Leiging

Dagleg leiar i 2024 var Svenn-Erik Rafoss. Han slutta i april 2025 og Ketil Kvaale gjekk inn som dagleg leiar inntil vidare.

### Kraftproduksjon

VTK eig ein kraftverkportefølje med hel og deleigde kraftverk som til saman har ein produksjon på om lag 270 GWh i eit normalår.

VTK administrerer Skafså Kraftverk ANS og fylgjer opp eigarskapen i Sundsbarm Kraftverk DA. I tillegg eig og driv selskapet tre små- og mikrokraftverk: Naurak, Trontveitåna og Birtedalen.

All produksjonen som VTK har eigarskap til, leverast i prisområdet NO2. Marknadsstrategien for selskapet er

å gjere alt kraftkjøp og -salg i spotmarknaden.

### Generelt om året 2024

Kraftproduksjonen i VTK AS var 303,5 GWh, mot 275,8 GWh året før. Midlare spotpris gjekk ned med 36% frå 90,4 øre/kWh til 58,2 øre/kWh.

Det har ikkje vore store hendingar i nokre av kraftverka som påverka produksjonen.

Birtedalen Kraftverk AS hadde sitt fyrste heile driftsår i 2024, og produserte 5,6 GWh totalt.

Triset kraftverk AS, som var eit prosjektselskap for utbygging av det nedre fallet i Lårdalsåi, vart avvikla og sletta i 2024. VTK var deleigar i dette selskapet. Med det avslutta VTK mange års arbeid med ein kraftutbygging i Lårdal.

Heibøåi kraftverk AS fekk endeleg avslag på søknad om utvida byggefrist i konsesjonen ein hadde i Heibøåi. Dermed vart også grunnlaget for dette selskapet borte, og ein vedtok å avvikle selskapet.

### Kraftomsetting

VTK AS sel kraft til sluttbrukarar og omset kraft for småkraftprodusentar. Handelen med småkraftprodusentane vart avslutta ved utgangen av 2024. Årsaka til dette var at kostnaden knytt til administrasjon av verksemda og ubalansekostnader i oppgjeret mot Nordpool vart for høg i forhold til inntektene. Ved utgangen av 2024 hadde VTK AS 11 303 privat- og næringkundar.

### Fiber

Fibernettet er i no bygd til «alle» områder og anleggsaktiviteten gjekk difor mykje ned i 2024. Fokus i 2024 var å hente inn fleire kundar på det utbygde nettet. Talet auka med 300 frå 4500 til 4800 i VTK-området

### OVERSIKT OVER KRAFTVERK OG PRODUKSJON

Kraftverk	Produksjon	VTK sin andel	VTK sin andel	Endring
	2024	2024	2023	
Åmdal	167,9	112,5	107,3	5,2
Osen	97,9	65,6	59,2	6,4
Gausbu	51,5	34,5	31,4	3,1
Skree	45,9	30,8	28,5	2,3
Sundsbarm	590	50,1	44,5	5,6
Trontveit	4,8	4,8	4,03	0,8
Naurak	0,8	0,8	0,65	0,2
Birtedalen	5,6	4,5	0,216	4,3
<b>SUM</b>	<b>964</b>	<b>303,5</b>	<b>275,8</b>	<b>27,7</b>



## Arbeidsmiljø og personale

### Personale

Ved utgangen av 2024 var det 6 tilsette i VTK AS. Medrekna 67 % eigarskap i Skafså Kraftverk ANS har selskapet indirekte totalt 12 tilsette.

### HMS

Selskapet arbeider kontinuerleg for eit trygt arbeidsmiljø, med mål om ingen arbeidsrelaterte skader eller ulykker. Det vert lagt til rette for fysisk aktivitet med blant anna eiga treningsrom i VTK sine lokale i Høydalsmo. Fokus på tilrettelegging og aktiv oppfølging av langtidssjukemeldte er ei viktig målsetjing og i tråd med avtala om eit inkluderande arbeidsliv. Sjukefråveret for VTK AS var på 2,0 % i 2024. Det er ikkje rapportert om ulykker eller skader med lækjarbehandling med eller utan fråver i 2024.

### Ytre miljø

VTK produserer i eit normalår 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad, utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga.

### Likestilling

Kraftproduksjon, bygging og drift av infrastruktur er tradisjonelt ein mannsdominert bransje. Selskapet arbeider for å fremje likestilling, og har elles eit lønssystem som er kjønnsnøytralt. Selskapet har ved utgangen av året to kvinner blant dei tilsette. I styret er tre av åtte representantar kvinner.

### Åpenhetsloven

Åpenhetsloven tredde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremja verksemder sin respekt for grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, og sikre ålmenta tilgang til informasjon. VTK AS oppfyller vilkåra som gjeld for åpenhetsloven og har krav om å gjennomføre og publisere aktsemdsvurderingar. VTK AS inngår i konsernet sitt arbeid med åpenhetsloven. Konsernet sin rapport skal oppdaterast og publiserast på konsernet si heimeside innan 30. juni kvart år og elles ved vesentlege endringar i risikovurderingar.

### Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar

Som ein del av konsernet sine forsikringsordningar, er det teikna ansvarsforsikring for styret, dagleg leiar og anna nykkelpersonell. Forsikringa dekkjer mellom anna den sikra sitt erstatningsansvar for formueskade han har påført andre gjennom sitt virke i eller for VTK AS.

4 VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS - ÅRSMELDING 2024

### Forskning og utvikling

Selskapet har ikkje hatt aktivitetar innan forskning og utvikling i 2024.

## Økonomi og finans

Rekneskapet til VTK AS inkluderar også andelen i Skafså Kraftverk ANS og Sundsbarm Kraftverk DA. Deira rekneskap er post for post integrert i VTK sitt rekneskap.

**Driftsinntekter og Varekjøp** er sterkt påverka av endring i faktureringsmodellen mot vår kraftavrekningspartner Hydro. Vel difor å kommentere direkte på dekningsbidraget:

**Dekningsbidraget** er 71 mill.kr lågare enn i 2023. Det er ein netto av desse endringane:

- Kraftomsetning - 69,4 MNOK
- Opprinnelsesgarantiar (OPG) - 9,2 MNOK
- Fiberleige + 6,8 MNOK
- Nettleige, arbeid for andre m.m. + 0,6 MNOK

Dekningsbidraget frå kraftomsetning gjekk ned frå 247 MNOK til 178 MNOK (28%). Dette er ein effekt av redusert spotpris i NO2 på 36% og auke i eigenproduksjon på 10 %.

Marknaden for OPG har kollapsa og dei har no svært låg verdi.

Fiberleiga er eit resultat av verdiskapinga i Telefiber AS. Leiga auka med 6,8 MNOK (39%) til 24 MNOK i 2024. Årsaken er ein kombinasjon av at Telefiber har generell resultatvekst, fekk utbytte frå NC-Spektrum for fyrste gong og retta ein periodiseringsfeil frå 2023. VTK sitt aksjekjøp i Telefiber har ikkje påverka vår inntekt frå utleige av fiber.

**Driftskostnadene** (ekskl. Varekjøp) går ned med -12,1 MNOK (16 %) til 61,7 MNOK. Dette er netto av endring på fleire postar:

- Produksjonsavgift (toppskatt) -13,5 MNOK
- Tap på kundekrav -2,4 MNOK
- Personalkostnader 1,2 MNOK
- DK Andelsverk 1,3 MNOK
- Diverse 1,3 MNOK

Produksjonsavgifta var ein mellombels toppskatt på kraftproduksjon som opphøyrd 31.12.2023.

Tap på krav har gått ned som fylgje av



tilbakeføring av delar av fjorårets avsetjingar.

Personalkostnadene har auka som følgje av at personell er overført frå andre selskap i konsernet (Telemark Nett AS).

**Driftsresultatet** blir med dette 142,8 MNOK, som er ein nedgang på 58,9 MNOK (29 %).

Netto **Finanskostnader** går ned med 0,9 MNOK.

**Resultat før skatt** blir då 145 MNOK, som er ein reduksjon på 57,9 MNOK (29 %).

**Skattekostnaden** i rekneskaperen er 87,3 MNOK mot 126,7 MNOK i 2023 (- 31%). Den består av:

Ordinær selskapskatt	29,9 MNOK
Grunnrenteskatt	55,0 MNOK
Utsett skatt m.m.	2,4 MNOK

Av den ordinære selskapskatten blir 2,6 MNOK utbetalt til kraftverkskommunane som naturressurskatt.

Skattekostnaden utgjør 60% av resultatet, mot 62% i 2023.

**Årsresultatet** går ned med 18,5 MNOK (24%) til 57,7 MNOK. Primært som følgje av redusert spotpris i NO2.

#### Disponering av årsresultatet

Styret framlegg til disponering:

Avsett til utbytte	30,0 MNOK
Avsett til konsernbidrag	13,7 MNOK
Overført til annan EK	14,0 MNOK
<u>Sum disponert</u>	<u>57,7 MNOK</u>

#### Balansen

**Anleggsmidler** aukar med 9,5 MNOK til (5%) til 477,2 MNOK. Auken kjem fram slik:

- Fibernet 12,4 MNOK
- Kjøp leilighet 3,5 MNOK
- Kjøp VTK gamle kontorbygg 4,4 MNOK
- Bygg Sundsbarm + bil mm. 0,9 MNOK
- Sum aktivert i året 21,2 MNOK
- Årets avskrivningar -14,9 MNOK
- Endring bokført verdi 6,3 MNOK
- Endring i finansielle anl.m. 3,2 MNOK
- Endring i sum anleggsmidler 9,5 MNOK

**Omløpsmidlar** blir redusert med 9,5 MNOK primært som følgje av reduserte Pengemidler.

**Gjelda** går ned med 23,9 MNOK til 325,2 MNOK. Nedgangen er i hovudsak ein netto av redusert skattegjeld (41 MNOK) og auke i leverandørgjeld (17,8 MNOK). Resten skuldast diverse postar, sjå note 20.

**Eigenkapitalen** aukar med 24,0 MNOK til 241,4 MNOK (11%). Sjå note 17.

**Eigenkapital-%** aukar frå 38,4 til 42,6 %.

#### Økonomiske nøkkeltal (2023 i parantes):

Resultatgrad	42,8%	(60,7%)
Totalavkastning før skatt	27,5%	(34,7%)
EK-avkastning før skatt	63,2%	(104,5%)
EK-avkastning etter skatt	25,1%	(39,3%)

#### Kontantstrøm

Årets drift gav ein pengetilgang på 41,3 MNOK. Av dette blei 18,0 MNOK nytta til investeringar, 28,4 MNOK til utbytte og 4,5 MNOK til diverse interne transaksjonar.

**Likviditetsgraden** pr 31.12. målt som Penger og Kortsiktige krav dividert på Kortsiktig gjeld var 0,53 (0,51). Den svake likviditeten blir kompensert gjennom konsernkontoordning, jfr kommentarar under.

#### Kapitaltilgang, likviditet og finansiell risiko

Konsernet har all ekstern gjeld hos Danske Bank, og med ein solid eigenkapitalprosent er det liten risiko for brot på gjeldande lånevilkår. Konsernet har god kapasitet for opplåning til framtidige investeringar. VTK AS har lågare eigenkapitalprosent, men har moglegheit til støtte seg til konsernet for vidare opplåning. Alle lån er i norske kroner og er avdragsfrie i låneperioden. Auka gjeld frå lån medfører at endring i rentenivået påverkar selskapet sitt resultat i større grad. Konsernet har inngått rentesikting med ein rentebytteavtale på 50 MNOK som eit risikodempeande tiltak. Konsernet og selskapet sin likviditet er tilfredsstillande sett opp mot omfanget av eksisterande verksemd. På sikt er den største finansielle risikoen tilgang på finansiering og prisen på denne finansieringa. Selskapet er difor eksponert mot utviklinga i finansmarknadene og konsernet si kredittverdighet.

#### Framleis drift

I samsvar med rekneskapslova §3-3 a, stadfestar styret at årsrekneskaperen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

## Strategi og framtidsutsikter

### Kraftproduksjon

Den viktigaste strategien er å vedlikehalde, drifte og fornye dei produksjonsanlegga ein alt har; - slik at dei kan skape verdiar for VTK, eigarane og samfunnet også i framtida. I prinsippet inn i evigheten sidan dette er anlegg utan heimfall. Utfordringa her er at nokre av anleggskomponentane står framfor rehabilitering, særleg gjeld dette dammar; - både i Sundsbarm og i Skafså. Dette er heilt nødvendige tiltak som fylgje av pålegg, men dei er svært kostbare og vil derfor redusere lønsemda i selskapet frå det året reinvesteringane blir realisert.

I 2022 vedtok styret, etter sterk oppfordring frå eigarane, å utvide aktiviteten innom kraftproduksjon til også å omfatte ny fornybar (sol og vind) som eit nytt satsingsområde. Det har vore ein lærerik prosess for alle dei involverte, men arbeidet har så langt ikkje ført fram til prosjekt som let seg realisera. Selskapet arbeider ikkje med konkrete prosjekt i dag.

Effektauke i eksisterande anlegg blir no sett på, sidan prisvariasjonane vil auke i takt med at meir vind og sol kjem inn i kraftsystemet. Overgang til 15 minuttars måleperiode og utvikling av nye produkt i engrosomsetninga vil premiere effekt og høg reguleringsgrad. Pumpeverk er også eit aktuelt tema, men det blir ikkje jobba med per i dag.

VTK har over tid jobba med eit par småkraftverkprosjekt. Ingen av dei har kome til investeringsvedtak og styret vil ta opp til vurdering vidare engasjement i desse.

### Kraftomsetning (engros)

Strategien har sidan 2017 vore å ligge tilnærma 100% i spotmarknaden. Inntektene vil difor vera ein rein funksjon av spotprisen i NO2, tilgang på vatn (nedbør) og disponeringa av vassressursane til ei kvar tid. Det siste blir meir og meir viktig i eit stadig meir volatil prisbilde og nye marknader på kraftbørsen.

Behovet for elektrisk kraft i NO2 og i vårt nære utland vil auke som fylgje av utfasing av fossile energikjelder. Ny energiproduksjon er dyre å bygge ut. Desse faktorane bør gje grunnlag for å tru på prisar som sikrar lønsemd for VTK også i framtida.

### Kraftomsetning (sluttbrukar)

Gjeldande strategi er å drive med denne aktiviteten, men utan krav til overskot. VTK har no organisert denne aktiviteten med 2 dedikerte årsverk. Dette er ein marknad med små marginar og ingen skilnad i primærproduktet (som i realiteten blir levert av

nettselskapet). VTK har høg lojalitet og talet på kundar er litt på veg oppatt.

### Fiber

Den viktigaste strategien er å vedlikehalde, drifte, fornye og utvide det fiberanlegget som er bygd ut sidan 1994, slik at Telefiber AS kan levere god kvalitet til sine kundar og stadig kople til fleire. For VTK er det heilt avgjerande at Telefiber driv godt økonomisk, slik at dei kan betale oss fiberleige som er høg nok til å dekke våre kapital- og driftskostnader.

Telefiber er no eigd 60% av VTK Holding AS etter oppkjøp av aksjepostane til VTNU og Skagerak Energi.

Vår fiberaktivitet har i dag akseptable rammevilkår, men dette er eit område i stadig endring, endringar som vil påverke VTK i høve til vidare strategi.



## Signatur frå styret

Høydalsmo, 12.06.2025

Erik Skjervagen, Fyresdal kommune

Nestleiar Baiba Sheine, Vinje Kommune

Dordi Elise Flom, Tokke Kommune

Runa Vee Tveit, Nissedal Kommune

Magne Wraa, Kvitseid Kommune

Hallgeir Aarbakk, Seljord Kommune

Jarle Solbu, arbeidstakarrepresentant

Torfinn Heggveit, arbeidstakarrepresentant





## RESULTATREKNESKAP

VTK AS

(Alle tall i heile 1000 kr)	Note	2024	2023
Kraftsal	1,2	333 531	315 565
Andre driftsinntekter	3	30 495	32 028
<b>Driftsinntekter</b>		<b>364 025</b>	<b>347 592</b>
Kraftkjøp og anna varekjøp	4	159 537	72 151
Personalkostnader	5	10 998	9 776
Avskrivningar	10,11	14 939	15 107
Andre driftskostnader	6,7	35 744	48 896
<b>Driftskostnader</b>		<b>221 219</b>	<b>145 931</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>142 807</b>	<b>201 662</b>
Finansinntekter	8	12 902	9 263
Finanskostnader	8	10 712	8 002
<b>Netto finanskostnader</b>		<b>-2 190</b>	<b>-1 261</b>
<b>Resultat før skatt</b>		<b>144 997</b>	<b>202 923</b>
Skattekostnad	9	87 299	126 699
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>57 698</b>	<b>76 224</b>
Overført til fri egenkapital		14 048	35 686
Avsett til konsernbidrag		13 650	12 168
Avsett til utbytte		30 000	28 370
<b>SUM DISPONERINGAR</b>	17	<b>57 698</b>	<b>76 224</b>




## BALANSE


VTK AS

(Alle tal i heile 1000 kr)


	Note	31.12.2024	31.12.2023
<b>EIGENDELAR</b>			
Immaterielle eigendelar	10	3 519	3 538
Varige driftsmidlar	11	275 671	270 694
Finansielle anleggsmidlar	12,13,14	197 983	193 414
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>477 173</b>	<b>467 646</b>
Varelager		2 071	2 273
Kundekrav	22	33 714	29 946
Kortsiktige krav	15,22	46 687	46 957
Pengemidlar	16,21	6 998	19 760
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>89 471</b>	<b>98 936</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>566 644</b>	<b>566 582</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
Innskoten eigenkapital	17	156 842	143 192
Opptent eigenkapital	17	84 648	74 346
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>241 490</b>	<b>217 538</b>
Utsett skatt	9	6 185	4 086
Pensjonsforpliktingar	18	1 095	1 624
Langsiktig gjeld	19	153 000	153 000
Leverandørgjeld	22	29 693	12 107
Kortsiktig gjeld	9,17,20,22	135 180	178 227
<b>Sum gjeld</b>		<b>325 154</b>	<b>349 044</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>566 644</b>	<b>566 582</b>

Høydalsmo, 12. juni 2025

  
Erik Skjervagen  
(leiar)


  
Baiba Sheine  
(nestleiar)

  
Magne Wraa

  
Runa Vee Tveit

  
Dordi Elise Flom

  
Hallgeir Aarbakk

  
Jarle Solbu

  
Torfinn Heggveit

  
Ketil Kvaale  
(dagleg leiar)



## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Indirekte modell

		VTK AS	
	Noter	2024	2023
<b>Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>			
Resultat før skattekostnad		144 997	202 923
Betalt skatt i perioden	9	-121 906	-153 352
Gevinst/tap ved sal av anleggsmidlar	11	899	568
Ordinære avskrivningar	11	14 939	15 107
Nedskrivning anleggsmidlar		-	-
Endring i varelager		202	-1 588
Endring i kundefordringar		-10 873	17 110
Endring i leverandørgjeld		17 587	-11 691
Endring i forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordningar		-4 571	-197
Effekt av valutakursendringar		-	-
Endring i andre tidsavgrensningsposter		-	-
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>		<b>41 273</b>	<b>68 881</b>
<b>Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar</b>			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	11	0	0
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	11	-17 683	-17 538
Innbetalningar ved sal av aksjar og andelar i andre føretak		0	0
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak	13	-275	-3 356
Innbetalningar ved sal av andre investeringar		0	0
Utbetalningar ved kjøp av andre investeringar		0	0
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		<b>-17 958</b>	<b>-20 894</b>
<b>Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>			
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	18	0	0
Innbetalningar ved opptak av ny kortsiktig gjeld	20	0	0
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	18	0	0
Utbetalningar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	20	-3 857	-9 305
Netto endring i kassakreditt	18	0	0
Innbetalningar av eigenkapital		0	0
Tilbakebetalingar av eigenkapital	17	0	0
Utbetalningar av utbytte	17	-28 370	-90 000
Innbetalningar av konsernbidrag	17	13 650	10 452
Utbetalningar av konsernbidrag	17	-17 500	-15 600
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>-36 077</b>	<b>-104 453</b>
Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar			
<b>Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>		<b>-12 762</b>	<b>-56 466</b>
<b>Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr. 01.01.</b>		<b>19 760</b>	<b>76 226</b>
<b>Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr. 31.12.</b>		<b>6 998</b>	<b>19 760</b>



## REKNESKAPSPRINSIPP

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk. Selskapet har ikkje føreteke endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

### Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Alle transaksjonar mellom VTK og Hydro Energi blir frå 2024 bruttoførte, slik at varekostnaden knytt til kraftomsetninga kjem tydeleg fram i rekneskapen.

### Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.

Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.

Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa og ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

### Andelar

Eigardelar i Skafså Kraftverk ANS (67 %) og Sundsbarn Kraftverk (8,5 %) er vurdert etter bruttometoden for resultat og nettometoden for balansen. Andel av inntekter, kostnader, eigedelar og gjeld er innarbeidd linje for linje i rekneskapet.

### Aksjar

Aksjar i andre selskap er vurdert til å vera anleggsmidlar og vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

### Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

### Varelager

Varelageret er verdsett til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Anskaffelseskosts vurderes etter FIFO-prinsippet.

### Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Skattar

Selskapet er underlagt dei særskilde reglane for skattlegging av kraftverk.

Skattar vert kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt), naturressursskatt, grunnrenteskatt og endringar i netto utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

### Leasing

Avtalene gjeld operasjonell leasing, og leigebetalningane vert ført som driftskostnader fordela systematisk over leigeperioden.

### Prinsipp for kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Ein tek då utgangspunkt i føretaket sitt resultat før skatt og viser kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

### Pensjonar

VTK har eiga pensjonskasse. Ordninga omfattar alle tilsette i VTK, Skafså Kraftverk ANS og Telefiber AS.

